



DEN NORSKE KYRKJA
Hyllestad sokn

ÅRSRAPPORT 2018

HYLLESTAD SOKN



Hyllestad kommune har eitt sokn med eitt sokneråd som har ansvar for både soknerådssaker og fellelrådssaker, ansvar etter både §9 og §14 i kyrkjelova.

§ 9; Kyrkjeleg verksemd, gudstenester, vigsler og gravferder.

§ 14; Økonomi, administrasjon, personale, tre kyrkjer og eitt kapell, tre kyrkjegardar.

Årsrapporten er eit samarbeidsprosjekt av sokneprest, kyrkjelydspedagog, soknerådsleiar, kyrkjevevje og sekretær. Alle har gitt viktige bidrag om sine områder til den gode kyrkjelege aktiviteten i Hyllestad sokn.

Hyllestad sokneråd har 6 faste medlemmer og 5 varamedlemmer.

Jostein Ryland (leiar), Steinar Urnes (nestleiar), Liv Kristine Solheim, permisjon 1.1.2018 – 31.3.2018 og 1.9.2018-26.11.2018, Marrion Brendehaug, Brit Inger Skaar og Unni Systaddal I Liv Kristine Solheim si permisjonstid har det vore opprykk av varamedlemmer.

Varamedlem: 1. Odd Takle, 2. Reidun Skår, 3. Joakim Systaddal, 4. Rune Risnes, 5. Olaug Brendsdal.

1. vara er alltid innkalla til møte og har møtt fast.

Geistleg representant: Audun Systad. Personleg vara: prost Reidar Knapstad.

Kommunal representant: Rune Risnes. Personleg vara: Eva Mette Olsen Høie

Når soknerådet handsamer saker som i «kommuner med flere sokn tillegger kirkelig fellelråd» skal det møte ein representant frå kommunen. Jfr KL § 6, 2. ledd.

Tilsette

Inga endring. Kyrkjeadministrasjon: 0.75 årsverk. Kyrkjevevje 25%, Irene Fløde –innleigd frå Fjaler sokn som dagleg leiar med hovudansvar. Kyrkjeseekretær 50%, Aslak Åm Sognnes, som i tillegg til å vere sekretær også har ansvar for gravplassar inkl. festeavklaring . Han avlastar kyrkjevevje og har praktisk tilsyn med kyrkjer og kyrkjegardar.

Kyrkjer: 0,75 årsverk: Kyrkjetenar 40%, Gunvor Instefjord og organist 35%, Erling Akse.

Sokneprest 60%, Audun Systad. Bjørgvin bispedømeråd er soknepresten sin arbeidsgjevar.

Soknepresten er representert i kommunen sitt kriseteam.

Trusopplæring, interkommunalt samarbeid: 1,0 årsverk: kyrkjelydspedagog 100%, Toril Lange.

Hyllestad sokneråd har arbeidsgjevaransvaret. Toril Lange arbeider 25% hos Hyllestad sokneråd, 50% hos Høyanger kyrkjelege fellelråd og 25% hos Det Norske Misjonsselskap – NMS.

Hyllestad si finansiering er statstilskot til trusopplæring og restfinansiering med innsamla midlar.

Kyrkjekontoret

Kyrkjeadministrasjonen og soknepresten har gode kontor i tredje etasje på kommunehuset, med utsikt til Hyllestad kyrkje. Som dei fleste andre kontora i kommunehuset, er også desse altfor lite lydtette. Det er difor vanskeleg for soknepresten å ha fortrulege samtalar på kontoret sitt.

Kommunen har i fleire år førespegla mogeleg isolering i samband med isolering av kommunale kontor, men det er framleis på vent, truleg grunna stram økonomi.

Datamaskinene, som vart kjøpte brukte for ein del år sidan fungerer framleis, enn så lenge. For å spare penge har vi skifta programvara for kyrkjeadministrasjon. No er vi på eit minimum av kostnader for å ha programvare til å drive lovleg verksemd.

Soknerådsmøte

Soknerådet hadde 6 møter og handsama 53 saker.

Årlege saker er budsjett, økonomiplan og rekneskapssaker, samt årsrapport. Det er òg gudstenesteplan og offertildeling.

Hyllestad sokneråd valde å ikkje svare på høyringa som galt «Justering av hovedgudstenesten» og heller ikkje høyringa: «Kirkeordning for Den norske kirke».

Prostevitjing. 13. mars 2018 hadde prost Reidar Knapstad si årlege prostevitjing i Hyllestad sokn. I år ønskte prosten ei samling med soknerådet og tilsette for å snakke om bispevisitasen i november 2018. Soknepresten og prosten sitt framlegg til program for bispevisitasen vart gått igjennom og justert.

Kyrkjelydsmøte med framlegging av Hyllestad sokn sin årsrapport var i forlenging av gudstenesta i Hyllestad kyrkje søndag 18. mars kl. 16:00. 18 stk. var samla og tok del i kyrkjekaffi og orientering. Soknerådsleiar Jostein Ryland, sokneprest Audun Systad og kyrkjelydspedagog Toril Lange orienterte om årsrapporten og arbeidet sitt.

Håkon Steinar Gjøll tok ordet og takka for ei god årsmelding, og trekte fram at det er mykje å glede seg over i Hyllestad sokn.

Bispevisitas 27.-29.nov.+ 2.des 2018 og feiring av Bø kyrkje 150 år



Kort oppsummering av noko av programmet

Stabsmøte med lunsj i Hyllestad kyrkje. Biskopen syntes Hyllestad har små stillingsressursar. Dei tilsette vart utfordra på å dele ei glede og ei utfordring. Glede i arbeidet vart trekt fram. Utfordringane var ulike.

Møte med Hyllestad kommune

Ordførar Morten Askvik (SP) og fungerande rådmann Elin Garnes Solås (personalsjef).

Kommunen orienterte om armada til kommunen og kunne ikkje love meir driftsmidlar til kyrkja. Kommunen verkar nøgde med eit driftstilskot til soknerådet på 1,5% (var i 2017 berre 1,4%) av kommunen sitt totale driftstilskot.

Det var fokus på dei mange kyrkjebyggja i kommunen. Biskopen var ikkje så oppteken av at ingen kyrkjebygg kunne rivast. Men at avhending av ei kyrkje må skje i fellesskap mellom sokneråd, kommune og folket. Uverdig å la kyrkja stå til nedfall – då er riving betre.

Biskopen kom med innspel om folkemøte ved kvar kyrkje om kyrkjebyggja for å få til lokalt engasjement. Kommunen var elles fornøgd med kyrkja si verksemd i kommunen.

Kulturkveld i Hyllestad kyrkje.

Soknerådsleiar Jostein Ryland hadde «sydd saman» eit variert program som dei knapt 60 frammøtte (inkl. deltakarane) gav stor ros for. Jostein Ryland leia kvelden og er òg med å syng i songgruppa Moreld. Av programmet kan nemnast: Innviing av det nye orgelet, der Asbjørn Flåm spelte to musikkstykke. Erling Akse spelte til salmane. Song av songgruppa Moreld, song av Elisabeth Sowerby, song av Katrine Strandos akkompagnert av Veslemøy Ryland på piano. Musikkinnslag på flygel: Emma Eimind Thorsnes. Kåseriet «Stubbar frå ungdomstida» av Håkon Haukøy, Dikt frå eiga samling av Kjartan Hatløy.

Biskopen takka for ein fin og innhaldsrik kulturkveld og vart overrekt ei diktbok av Kjartan Hatløy.

Møte med sokneråd, utval, tilsette og frivillige i Hyllestad kyrkje

I tillegg til dei geistlege var vi 6 stk. frå soknerådet, 4 stk. tilsette, 7 stk. frå utval og frivillige. Biskopen gav ros for visitasmeldinga som vart gjennomgått og samtala rundt. Han gav stor ros for alt det gode trusopplæringsarbeidet i Hyllestad. Ros og for ungdomsarbeidet leia av soknerådsleiaren med gode medhjelparar.

Plan for kyrkje- skule samarbeidet og diakoniplan må utarbeidast.

I biskopen sitt møte med flyktningane vart kyrkja utfordra til å køyre flyktningane til ulike aktivitetar.

Jubileumsgudsteneste i Bø kyrkje 29.11.2018. Bø kyrkje 150 år

Oppmøte var omlag 70 stk.

Roy Harald Brendsdal deltok på euphonium (horn, frå gresk og tyder velklang) i lag med organist Erling Akse. Balsam song. Håkon Haukøy hadde «Glimt frå Bø kyrkje si historie bakover i tid.» Tidlegare sokneprestar Karl Hjelmeland og Ole Agnar Helland las forbøn og teksten. Odd Sverre Hove hadde sendt helsing som sokneprest Audun Systad las opp.

Helsing frå ordførar Morten Askvik som overrekte ein steikross i jubileumsgåve.

Kyrjekaffi ved soknerådet.



Visitasgudsteneste med visitasforedrag i Øn kyrkje 2. des. 2018, 2.søndag i advent

Oppmøte omlag 75 stk.

I tillegg til dei geistlege deltok soknerådsleiar Jostein Ryland, kyrkjelydspedagog Toril Lange, Håkon Göl, Anfrid Misje Åsmul og ordførar Morten Askvik.

Song ved konfirmantar forsterka med Moreld, Fjordklang. Reidun Porten på kornett hadde med seg ei gruppe med barn frå korpset. Kyrjekaffi ved soknerådet.

LIVSRITER

	2015	2016	2017	2018
Dåp - totalt	14	9	12	10
Dåp - busette i Hyllestad	8	7	7	7
Konfirmant	18	18	17	18
Vigsel	3	3	1	0
Gravferd	16	10	17	15

Det er no slutt på at kyrka får melding om fødsalar. Vi får heller ikkje henta ut frå medlemsregisteret, barn av medlemmer. Vi får difor ikkje lenger sendt ut orientering om dåp. Dei fleste vel likevel å ta kontakt med kyrkja og ønskjer å døype borna sine.

Ved dåpssamtalen får foreldra eit innramma dåpsbilde (med eit bilde og eit vers) og ein CD med kristne songar. Ved dåpen i kyrkja får dei eit dåpslys.

Mange av tiltaka i trusopplæringsplanen er no godt innarbeidd, og oppslutnaden er god i dei aller fleste tilfelle. Likevel ønskjer trusopplæringsutvalet å utvide tilbodet for nokre grupper då det ikkje er noko fast tilbod til borna frå kyrkja si side. Ungdomane derimot, har eit tilbod i Ungdomsklubben Solution og BaceCamp.

Soknet har godkjent trusopplæringsplan frå 16.01. 2013, som ein delvis gjennomfører. Etter at ein har gjort ein del erfaringar, i tillegg til at barnetalet er minkande og andre føresetnader er endra, ser soknerådet sitt trusopplæringsutval (TRU-utval) trong for å justere, evt. revidere planen. Målet var å revidere planen til bispevisitasen i nov/des, men det arbeidet vart ikkje prioritert. Men med utgangspunkt i planen, har vi laga ein tiltaksplan for dei komande åra. Denne tiltaksplanen må seinare vere utgangspunkt for revideringa. Mange av trusopplæringstiltaka som er gjennomført er knytt opp mot gudsteneste.

Følgjande trusopplæringstiltak frå planen er gjennomført i 2018

Myldresamling vart gjennomført første gong hausten 2017. Det var ei fellessamling for 2- og 3-åringar. Fleire føresette etterlyste fleire slike samlingar. Difor inviterte TRU-utvalet til 2 myldresamlingar vinteren/våren 2018, då for aldersgruppa 3-6 år. Myldresamlinga er på onsdagsettermiddag kl. 17.15. Først er det ei samlingsstund på vel 30 min. med song, bibelforteljing og leik. Deretter kan dei som vil, stanse igjen og ete kvelds ilag. På begge samlingane vinteren/våren 2018 møtte 11 av 31 inviterte born. I tillegg var det nokre yngre/eldre søsken. Hausten 2018 var det igjen ei myldresamling for 2 –og 3-åringar. På samlinga fekk borna IKO-boka: «*Kom og Se i Bibelen*». Denne gongen vart samlinga lagt til rett etter barnehagetid etter oppmoding for nokre foreldre/besteforeldre. Berre 4 av 16 kom. Det synt seg at det var eit mindre høveleg tidspunkt enn kl. 17.15..

Barnegudsteneste var ei kvardagsgudsteneste i januar spesielt tilpassa dei yngste borna. Alle som var inviterte til 4- og 5-årssamling eller «Førsteklasses» hausten før, fekk invitasjon i posten til barnegudsteneste ein ettermiddag i januar. Tiltaket vart gjennomført i 2015, 2016 og 2017, men med liten oppslutnad. Difor vart det bestemt at tiltaket ikkje skulle gjennomførast i 2018. Det vart då starta opp med myldresamlingar. Opplegget for dei minner mykje om barnegudstenesta. Det ser ut til at ordet myldresamling appellerer meir til småbarnsforeldre enn barnegudsteneste.

4 årssamling og hausttakkefest med utdeling av «*Mi kyrkjebok 4*» med aktivitetshfte – «Gjere saman.» 10 av 14 born var med på begge samlingane.

5-årssamling. Hausten 2018 var det 2 «kyrkjerottesamlingar». 6-åringane var også invitert til desse samlingane. Alle var også invitert til LysVaken –gudstenesta der det vart delt ut *DVD: Kirkerottene* til 5-åringar og «*Mi kyrkjebok 6*» til 6-åringar. 4 av 7 5-åringar var med på opplegget. Ingen (0 av 2) 6-åringar møtte.

Tårnagenthelg



Tårnagenthelg med samling i Øn kyrkje på laurdag og tårnagentgudsteneste i Hyllestad kyrkje søndag. Det er no blitt ein tradisjon at tårnagenthelga er for 3. og 4. klasse, og at alle har høve til å vere med 2 år på rad. Dette fungerer svært bra. Dei eldste kan dette og er gode «oppdragarar». I 2018 var det 11 tårnagentar, 61 % av dei inviterte.

Besøk i kyrkjetårnet er ein viktig del av tårnagenthelga. Difor var samlinga laurdagen i Øn kyrkje. Tårnagentgudstenesta søndag var i Hyllestad kyrkja sidan det der er enklare med kyrkjekaffi og det tekniske. Tårnagentane var med å gjere det til ei flott gudsteneste. Mange foreldre bidrog på ulike måtar og var med å gjere helga til ei god oppleving. På denne gudstenesta var det også bibelutdeling.

Bibelutdeling var på såmannssøndagen. Den dagen var det også tårnagentgudsteneste. 10 biblar var delt ut. Dette markerte også starten på minkonfirmantopplegget.

Minikonfirmantopplegget for 10/11-åringar(5. klasse) består av 4 samlingar i Hyllestad kyrkje rett etter og weekend. I tillegg er det avslutning med diplomutdeling. Denne gongen var avslutninga ei ekstra minikonfirmantsamling, der foreldre var invitert til å vere med dei siste 15 min. På weekenden i april var ein saman med minikonfirmantar frå Høyanger og Balestrand. Alle som hadde fått invitasjon var med minikonfirmantopplegget.

LysVaken vert no gjennomført annakvart år. I november kunne ein invitere 6. -7. klassingar til ei samling med overnatting i kyrkja frå laurdagsettermiddag til søndag etter gudsteneste med kyrkjekaffien. 10 av 14 inviterte var med. Mange foreldre bidrog på ulike måtar, og ein far tok oppgåva som nattevakt. Det vart ei kjekk helg og ungdomane sette sitt preg på LysVaken-gudstenesta.

Måltidsfellesskap er viktig. Difor er ein ofte i lag når ein samlast. På samlingane midt i veka er det kvelds med knekkebrød, ost og syltetøy og mjølk/ juice. Etter gudstenestene er det kyrkjekaffi. Bordfellesskap er med å skape kontakt, samkjensle og auke trivselsfaktoren både for born, foreldre og leiarar.



Trusopplæringsutval

Trusopplæringsutval (TRU - utval) har følgjande medlemmar: Unni Systaddal, Liv Kirsten Mjell Hofsvik, Anfrid Misje Åsmul, Kari Systad og kyrkjelydspedagog.

Utvalet har hatt 1 møte der ein evaluerte tiltaka som er gjennomførte, snakka om nye tiltak - myldresamling, og fordelt oppgåvene. Arbeidet med revidering av planen er ikkje prioritert så langt.

Hyllestad kyrkje er ein god stad å ha samlingar. Born, unge og foreldre trivst godt der og dei føler seg heime i kyrkja. Multimedia-anlegget lettar arbeidet mykje. Kyrkja er eit godt lokale til mange ulike aktivitetar. Her kan vi ete, sove, leike, sjå film, myldre, be og ha gudsteneste.

I kyrkjelyden er det nokre eldsjeler med omsyn til trusopplæring. Dessutan er det positive og viljuge foreldre som stiller opp på einskildtiltak når borna deira er med. Nokre konfirmanter har også vore med som ungdomsleiarar på trusopplæringstiltak. Alle gjer ein flott og viktig jobb!

Vegen vidare:

Myldresamlingane har vore svært positive. Å bygge vidare på dei og utvide talet på samlingar til ca 1 gong i mnd, kan vere starten på noko meir kontinuerlig arbeid for dei yngste borna. På desse samlingane når ein både born og vaksne. Det har også vore snakka om ein vil starte opp familiesamlingar einskilde søndagar. Kanskje kan ein kalle det familiesøndag. TRU-utvalet har også snakka om å ha eit tilbod til 6.-7.klasse – tweens – ein gong i semesteret. Så langt har ein ikkje hatt kapasitet til å starte opp. Likeeins manglar ein tiltak for 7-åringar (2. klasse). Utvalet må finne passende tiltak for dei.

Men for at ein skal lukkast og for at ein skal kome vidare med det viktige og spennande arbeidet, så er fleire medarbeidarar som tar ansvar ein føresetnad.



Samarbeid kyrkje - skule barnehage, v/Sokneprest Audun Systad (AS)

Hyllestad kyrkje har ei sær god plassering mellom skulen og barnehagen på Hyllestad.

Skulegudstenesta til jul er godt innarbeidd, og det var fin deltaking ved born, både med lesing og musikk. Ein har inntrykk av at familiar med born frå andre kulturar og religionar også prioriterer desse samlingane. Elles er det vanleg fritaksrett, men mest alle er med.

Ved bispevisitasen i november var det og skulegudsteneste for 1.-7.klasse. 8.-10-klasse hadde spørjetime med biskopen.

Hylestad barnehage hadde gudsteneste då biskopen var på besøk, men ikkje til jul. Både skule- og barnehage opplevde kontakten med biskopen som veldig god, jamfør tilbakemeldingar.

Julevandringa som skulle ha vore i 2018 vart utsett, og det vert påskevandring i 2019. Ved møte med lærarane under visitasen kom det ønske om ein ny, fast samarbeidsplan med kyrkje. Svært gledeleg, og det er det no konkrete planar om.

I 2018 var det einskildklassar på besøk i kyrkja. Det var eitt besøk med tre klassar.

Konfirmasjonsundervisning (AS)

I 2018 var det konfirmasjonsgudstenester i alle dei tre kyrkjene i soknet. Det er god oppslutning om kyrkjeleg konfirmasjon i Hyllestad.

Ein har ført vidare samarbeidet med Lavik. Det er om lag annankvar torsdag. På våren var det om kvelden, men frå hausten av var det sett fram til rett etter skuletid, etter ønske frå føresette. At kyrkjerommet i Hyllestad høver godt til konfirmasjonsførebuing, vart og trekt fram under visitasen, då det var konvent for heile Sunnfjord prosti der.

Ein brukar no opplegget «Delta» som IKO gjev ut, samstundes som det er vekt på song og drama i løpet av året. Ein har freista ta med styrken frå det tidlegare opplegget «Følg meg», med mykje gruppearbeid, inn i det nye opplegget, der det er gode hjelpemidlar for undervisning på skjermen i kyrkja. Det er eit opplegg som har ei moderne form med artige filmsnuttar i kvar samling. Kvar samling tek til med opning og avslutning kring lysgloben.

I 2018 var det ein vellukka leir på Alværa saman med Balestrand og Bjordal. Våren 2018 vart det konfirmert 18 unge i Hyllestad kyrkjelyd, det same talet som året før. Hausten 2018 var det eit noko mindre kull, men i alt 10 starta opp og ein er 12 til saman medrekna Lavik. I tillegg til sokneprest i Hyllestad, er sokneprest i Lavik, Andreas Ester, trusopplærar Toril Lange (av og til) og dei to frivillige medarbeidarane frå Hyllestad, Kirsten Gravdal Ryland og Linda Ølmheim, med. I det noverande kullet, som er mindre, har vi ikkje vore samla alle kvar gong, men det kan gå meir på omgang. Dei frivillige er no med mest ved førebuing til lysmesse og temagudsteneste. På dei har og Jostein Ryland delteke med song og tilrettelegging av det musikalske.. Nokre av foreldra har laga god bakst til einskilde samlingar.

Kullet 2017/2018 hadde mange evne knytt til både lesing og drama. På temagudstenesta 15.april i Hyllestad kyrkje, kom dette fram på ein flott måte, med tema om «Visdom». Deltakinga i ord, bevegelser og tonar vart sett stor pris på! Dramaet om «den bortkomne sonen» var sterkt.

Konfirmantane hadde og, som nemnt, besøksdag på Eiklund, med song og fin samtale med bebuarane.

Konfirmantane er kyrkjevertar på gudstenester, noko som vert sett pris på av kyrkjelyden. Etter konfirmasjonen var konfirmantane samla i Hamneparken i Sørbøvåg og ved naustet til Kari og Audun. Kirsten laga gode hellekaker, og det var grilling av pølser i Hamneparken, også god tid til sporleik og volleyball-spel.

Ungdomsklubben i Hyllestad og Base Camp v. soknerådsleiar Jostein Ryland

Ungdomsklubben i Hyllestad kyrkje

Ungdomsklubben i Hyllestad er no inne i 5-året (2018/19) og ein søker å ha samlingar annakvar fredag i Hyllestad kyrkje (men ikkje alltid vi lukkast, og dette beklagar vi 😊). Gjennom 2018 har ein hatt samlingar med varierende oppmøte, normalt mellom 10-20 stk. på kvar samling, men vi har og hatt eit par samlingar der vi har vore færre. Men uansett kven og kor mange som kjem er det alltid like kjekt 😊

Vi har aktivitetar og leikar, som ungdommen styrer sjølv, og så har vi ei samling med lovsong og ein liten andakt. Så har vi litt mat, «snacks» og nokre aktivitetar, leikar til slutt.

Vi er velsigna med mange flotte «eldre» ungdommar som tek tak og leier både i lek, aktivitet, song og inn i mellom også andaktar, dette er sær sgledeleg 😊

Vi har fokus på å sjå den enkelte og alltid tid til ein prat 1-1 om det er ynskjeleg. Vi har siste åra vore heldige med at fleire vaksne er stødige med, stor takk til Aina Beate, Jørn og Helge 😊, Audun er også ofte innom, noko som er veldig kjekt.

Vi har som mål å sende nokre ungdommar på leiarkurs kvart år, slik også i 2018.

Vi jobbar for å få til ei auka rekruttering til klubben, og vi vonar særskilt på at vi kan få inn fleire frå ungdomsskuletrinnet. For å få det til er vi ofte avhengig av at dei vaksne (foreldra) stiller opp og kjører til og frå klubb, men om nokon strevar med å få til skyss, så ta gjerne kontakt med oss, så kan det nok hende at vi finn løysingar... tlf. 99281401 (Jostein) / 91644829 (Kirsten)

Ynskjer å minne om kva som er målsetjinga med ungdomsklubben, og arbeidet ein driv her:

1. Gjere evangeliet og trua på Kristus betre kjend, og forankra, i livet til den enkelte i målgruppa.
2. Utvikle og utdanne ungdomsleiarar for å legge til rette for eigen rekruttering på leiarnivå.
3. Gje ungdom høve til å uttrykke si tru og tvil gjennom song, musikk, bilete, drama og ord.
4. Ei breiare ungdomssatsing vil gje rom for ei positiv utvikling av Hyllestad kyrkjelyd.

Føl med på vår Facebook side og på anna annonsering - Jostein og Kirsten ønskjer vel møtt til hyggelege kveldar i Hyllestad kyrkje utover våren 😊



Base Camp i Hyllestad

Base Camp i Hyllestad er eit «begrep» og eit årleg arrangement, eit arr. som no når både ungdommar i Hyllestad og ungdommar langt utover våre kommunegrensar, frå Sunnfjord til sør om Bergen. Den 5-7 oktober 2018 var igjen ca. 60 ungdommar samla i Hyllestad, der ca. 50 av desse var påmelde som deltakarar og der ca. 10 var deltakarar med arrangør og gjennomføringsansvar.

Arrangementet sitt program var i 2018:

- Samling i Hyllestad kyrkje fredag kveld m. ulike aktivitetar, lovsong og andakt (ope for alle)
- Overnatting og frukost på skulen laurdag morgon
- Føremiddagsmøte i kyrkja
- Samtalegrupper i kyrkja og på skulen
- Aktivitetsdag i kvernsteinsparken laurdag middag/ettermiddag
- Kveldssamling i Hyllestad kyrkje m. lovsong, vitnemål og underhaldning
- Overnatting og frukost i Hyllestad kyrkje sundag morgon
- Gudsteneste i Hyllestad kyrkja (ope for alle)
- Avsluttande samling for deltakarar m. fl.

Base Camp i Hyllestad opplever vi som eit viktig arr. og i år var vi svært glad for å notere ei auka oppslutning frå lokal ungdom 😊. Dette gjev oss energi og vilje til å planlegge for nytt arr. til hausten, så det er berre å sette av fyrste helga i haustferien alt no 😊

Ynskjer her å rette stor takk til skulen v. rektor, og til Kvernsteinsenteret i Hyllestad, for at vi får låne, og bruke, lokalar og område, til gjennomføring av ulike aktivitetar og til overnatting og servering av mat m.m.

Og ikkje minst må vi takke alle som stiller opp med mat, hjelper til under arrangement, og stiller opp som nattevakter og med tilrigging og nedrigging av utstyr, utan dykk hadde dette ikkje gått an å arrangere

Så kvifor har vi Base Camp, og kvifor har vi det her i Hyllestad ?

Svaret på det er samansett, men vi trur at eit lite lokalsamfunn som Hyllestad har mykje å bidra med, her er Kvernsteinsparken noko heilt annleis enn det mange ungdommar i dag til vanleg får oppleve, og så har vi samlingspunktet i den ombygde Hyllestad kyrkja, som gjer det mogleg å skape ei heilt særeigen ramme rundt ei slik helg. – Og neste år gler vi oss til å kunne låne deler av den nye fleirbrukshallen, som eit auka aktivitetstilbod for dei mange deltakarane.

Vi opplever at Base Camp for mange ungdomar er blitt ei særdeles viktig hending i deira liv og at mange alt gler seg storleg til ny Base Camp 2019. Vi trur at for mange lokale ungdommar i Hyllestad, vil tida dei fekk vere med å delta på, og arrangere Base Camp her lokalt, syne seg å være viktige år som påverkar deira vidare val i livet på ein god og positiv måte.

Jostein og Kirsten Ryland ønskjer vel møtt til Base Camp 2019 😊

GUDSTENESTELIV, EIKLUND HYLLESTAD OMSORGSSENTER og DIAKONI

Sokneprest Audun Systad

Gudstenester

	2014	2015	2016	2017	2018
Gudstenester – totalt i Hyllestad sokn					
inkl. kvardagsgudst, barne og skulegudst.	53	50	56	50	53
Frammøte totalt	2915	3086	2979	3207	3318

Gudstenesteliv i Hyllestad

2018 var eit spesielt år for Hyllestad kyrkjelyd, i og med at det var bispevisitas- og også kyrkjejubileum for Bø kyrkje. Når heile året no er til ende, er det gledeleg å kunne registrere ein framgang i gudstenestedeltakarar, sjølv om det og har vore nokre fleire gudstenester (53). I 2017 var snittet, 64, mot 53 i 2016, og i 2018 er snittet på 62. Det vitnar om stabilitet, i ei tid, ein høyrer mykje om nedgang. Dette var og biskopen inne på i visitasførdraget sitt 2.des. i Øn kyrkje. Der sa han mellom anna:

«Gudstenesteoppslutninga er god og stabil i forhold til folketalet. Det er svært bra, fordi det betyr at nye kjem til når eldre kyrkjejengarar fell frå. Det er og ein sterk indikator på at det har vore rett strategi å leggja dei fleste gudstenestene til Hyllestad kyrkje.»

Dette er ord som me i kyrkelyden her skal ta til oss, og vere glade for. Samstundes veit me kor skoen trykkjer, og at målet må vere at enno fleire kan sjå verdien av å slutte opp om gudstenesta. Då er det og viktig at me ser verdien av og samlast på tvers av geografiske avstandar, fordi me er ein kyrkjelyd. Trusopplærings-gudstenestene samlar mange born og familiar. Svært gledeleg! Det er ofte gudstenester med fin deltaking av born og unge. Målet må vere at desse gudstenestene kan sjåast på som oppbyggeleg for heile kyrkjelyden og såleis vert prioritert. I visitasmeldinga vart dette sett ord på, og med dei planar som ligg føre, er vona å kunne skrive meir innhaldsrikt om dette i årsrapport for 2019!

Verdt er det og å ta med biskopen sine ord om gudstenesta: *« Gudstenesta opnar opp for møtet med Gud, der trua kan leva og få næring, der vi kan høyra evangeliet om frelsa i Jesus Kristus. Det er ikkje nok å vita det, vi treng at evangeliet vert sagt til oss, vi treng å høyra det på nytt, å oppleve det på nytt. Det er grunn god nok til å gå på dei vanlege gudstenestene, når det ikkje er ein spesiell dag. Det er difor kristne til alle tider har samlast på søndagen. For å gje Gud ære og fordi trua treng det»*

Elles må nemnast fjøs/naustmessa ved Espelandsvatnet på olsokaftan, som også i år samla mange. Gudstenesta i Skor samla noko fleire då den var ved Kvernhusfossen. I 2018 vart og den planlagde gudstenesta i Kvernsteinsparken flytta til kyrkja på grunn av veret. Det same galdt friluftsgudstenesta ved Havørnminnesmerket i Lifjorden. Dette må prøvast på ny.

Særs gledeleg i 2018 var pilgrimsvandringa 1.mai, som vart avslutta med ei godt besøkt gudsteneste (65), Ein gjekk den gamle kyrkjevegen via Akse. Styret i St. Sunniva-leia hadde lagt årsmøtet hit. Dette var ei vellukka hending, som tydeleg trefte «ein nerve» hos lokalbefolkninga. Her i Hyllestad kan nok dette vere verdt å satse på vidare, ikkje minst på grunn av vår spennande kyrkje- og kulturhistorie!

Det er og gledeleg at ein har fått godt i gang kyrkjevertordninga med kyrkjekaffi etter dei alle fleste gudstenestene. Det involverer fleire.

Tid for tru-

samlingane som ein hadde i 2016 har ein ikkje hatt kapasitet til å gå vidare med. To stikkord vart teke fram ved slutten på samlingane i 2016: Song og bøn. Det er vel rett å seie at ein i noko grad har gått vidare med dette, og ved møte med biskopen under vistasen var det god interesse for nye samlingar med Tid for tru våren 2019. Dei er no planlagde.

Bønesamlingar

Desse samlingane har no gått jamt og trutt frå mai 2016, og også gjennom heile 2017 og 2018. Det er onsdagskveldar kl. 20-22, og vert kunngjort som : *Song, bøn og samtale.*

Samlingane vart omtalt med intervju i kyrkjelydsbladet nr.2/2017. Det er på det jamne 5-7 personar som samlast; altså ikkje den store flokken. Ein trur like fullt det er verdifullt for ein kyrkjelyd at nokon ber, og at det gjev styrke til arbeidet elles.

Involvering

Arbeidet med involvering heldt fram og i 2018, jamfør kyrkjevertordninga. Konfirantar vert spurde om oppgåver, og som nemnt er involveringa stor i gudstenester tilknytt trus-opplæringa. Ikkje sjeldan er det og bønnevandring ved slike gudstenester, og det er med og aktivisere kyrkjelyden på ein fin måte Samstundes har ein ikkje hatt så mange møte i gudsteneste – og diakoniutval. Det skuldast at det kan vere tidkrevjande, og at ein er få tilsette med lågare stillingsprosent enn før.

Organist og prest har fleire gonger formidla spørsmål om song- og musikk-innslag, ikkje minst til yngre, noko som har vorte sett pris på. Soknerådet har samtalt om eventuelle godtgjeringar ved slike høve, og presisert at det ikkje er ynskjeleg. Kirsten og Jostein Ryland syng ved fleire høve, og formidlar spørsmål til andre. Det er verdfullt. Den siste knoppskytinga er gruppa «Moreld», som me vonar å få høyre enno meir til. Ein kan nemne fine innslag med dei ved gudstenesta 4.febr. 2018, og under kulturkvelden ved visitasen.

Innslag om misjon og kontakt over landegrensar

Hyllestad kyrkjelyd har i ei årrekkje støtta misjonsprosjektet til Mali gjennom Det Norske Misjonsselskap (NMS). Toril Lange som sjølv har vore misjonær i Mali, og no er trusopplærar, tek dette aspektet med inn i undervisninga i kyrkjelyden og ved leirar på Alværa misjonssenter. Ungdomsklubben «Solution» har og med misjonsperspektivet på sine samlingar, der det er besøk frå Misjonsforbundet. Ein har fått høyre mellom anna om arbeid på Filippinane. Nokre av medlemene der har og delteke med song og musikk ved gudstenester.

Når det gjeld naudhjelp, formidlar Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon viktige impulsar både til konfirantar og andre.

I oktober hadde vi besøk frå Israelsmisjonen, ved ei kvardagsgudsteneste. Misjonsseketær Ellen Raen formidla det viktige oppdraget kyrkja har overfor det jødiske folk, og viste bilete frå Israel mellom anna.

Eiklund – Hyllestad omsorgssenter

Torsdagar, 11.30, var det og i 2018 mange andakter på Eiklund ved prest og organist, ein til to gonger i månaden. Frammøte må ein seie er godt. Nokre av dei eldre frå Eiklund møter og trufast opp til gudsteneste i Øn kyrkje. Ein har flytta gudstenesta som var 2.juledag, fram til søndag før jul, - frammøtet har vore minst like bra som før.

På institusjonen som heilskap, er det mange som ikkje er i stand til å komme på andakten. Då er det viktig at dei som ønskjer det, kan få besøk av prest i etterkant. Personalet er flinke til å formidle det, og det har vore ganske mange slike besøk. Det er no faste besøksdagar ved prest.

I januar var, tradisjonen tru, konfirmantane på besøk, og Kirsten Gravdal Ryland og Audun Systad hadde ansvar for det som vart ein fin ettermiddag, med god kontakt med bebruarane.



Diakoni – Kyrkja si medmenneskelege omsorg og fellesskapsbyggjande arbeid.

Hyllestad sokn har som kjent ingen diakoniarbeidar no, men mykje av arbeidet vårt har eit diakonalt tilsnitt, og det er omtala under dei ulike emna i årsrapporten.

Frå 2016 vart det oppretta eit felles gudsteneste- og diakoniutval. Det har mellom anna ført til fast kyrkjekaffi.

Elles kan ein vise til tiltaka på Eiklund omsorgssenter, der sokneprest og organist har andakter eller besøksdagar (soknepresten), litt mindre enn annankvar torsdag. Godt er det at og frivillige til tider trer inn både med andakt og musikk.

Mellom kyrkja og flyktningetenesta er det kontakt, men dette kunne gjerne blitt prioritert meir frå kyrkja si side, om ein hadde hatt ressursar til det. Ved bispevisitasen var det eit godt og viktig møte med flyktningetensesta, som bed om hjelp til formidling av skyss, og leksehjelp for einskilde. Dette vert det no arbeidd med.

Soknepresten er medlem av kriseteamet i kommunen og møter fast der.

Soknerådet tok for to år sidan opp att å gje blomsterhelsing til pårørande før jul. Dette vert det sett pris på.

Kyrkjelydstur dette året (til Kvamsøy og Balestrand) kan og gjerne reknast som eit diakonalt tiltak, i alle høve svært vellukka.

Internasjonal diakoni med Kirkens Nødhjelp, der konfirmentar vert involverte, har ein lang tradisjon.

Ein har hatt markering av organisasjonen «Leve», sitt arbeid, oppfølging og omsorg av etterletne etter sjølv mord.

Når det gjeld diakoni saknar ein kanskje nokon fast tilsett, som kan ta tak i organiseringa av arbeidet. Samstundes er det einskildmenneske i kyrkjelyden gjer, ein viktig innsats som ikkje syner att i statistikken!

Den årlege kyrkjelydsbasaren, med mange frivillige medarbeidarar, som sel lodd og går på husbesøk, kan gjerne kallast ei diakonal gjerning!



Kyrkjelyds- smålotteriet

Den 11. «kyrkjelydsbasaren» var søndag 28. oktober. Den vart utsett på grunn av kollisjon med ein annan basar. Brutto resultat var kr 55 637.

Takk til alle som har bidrege med vinstar, loddosal, loddkjøp og ikkje minst Åfjorddalen bygdekvinnelag som hjelte til og ordna med mat og kaffi på basardagen.

Overskotet går til trusopplæring, samt barne og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

Arbeid for barn og ungdom er høgt prioritert arbeid i kyrkjelyden. Hyllestad kyrkje er godt eigna til samlingar og dei unge finn seg godt til rette i kyrkja. Vi er heldige som har frivillige som er engasjert og stiller opp, då særleg på ungdomsklubb og Base – camp.

Konsertar og kulturarrangement

Laurdag den 24. november fekk vi besøk av Doug Anderson frå Indiana USA. Han starta sin Norges-turne her hjå oss i Hyllestad kyrkje, før han reiste vidare til Lindås, Karmøy og Sørlandet, for ein 10 dagar turné i Norge. Doug Anderson er for mange kjent frå gruppa Ernie Haas & Signature Sound, og har ei rekke gonger vore med på Bill og Gloria Gaither sine Homecoming konsertar. Programmet inneheldt alt frå gospel-songar, til meir country inspirert materiale og vi fekk og høyre litt av hans julerepertoar.

Tysdag 27. november var det ein kulturkveld i Hyllestad kyrkje i samband med bispevisitas (*sjå omtale s. 3*)

Sundag 16. desember, Øn kyrkje, var det den årlege julekonserten, eit samarbeid mellom sokneråd og musikklivet i kommunen

Kyrkjeblad – Heimeside – Facebook

Kyrkjebladet kom ut til påske og eit stort jubileumsnummer for Bø kyrkje, før jul. Mange er takksame for å få kyrkjebladet i postkassa og betalar bladpengar. Bladpengar, saman med annonseinntekter, gjer det mogeleg å fortsetje å gje ut bladet.

I tillegg til kyrkjebladet kommuniserer Hyllestad sokn med innbyggjarane via Facebook. (søke på *Kyrkja i Hyllestad*), heimesida (www.hyllestad.kyrkja.no) og sida «Det skjer» i Firda.

Vi erkjenner at særleg når det gjeld heimesida er vi ikkje flinke nok, og hadde håpa at nokon kunne hjelpe oss med den.

Kyrkjer

Byggteknisk vurdering. Dei tre kyrkjene fekk utarbeidd tilstandsrapportar. Rapporten syner at det som er kritisk og hastar mest er utbetring av tårnet på Hyllestad kyrkje som har svært mykje råteskade i konstruksjonen.

Bø

Ein del av takpannene på Bø kyrkje må årleg leggst tilbake på plass etter haust- og vintersormar. Nokre små vindauger i tårnet måtte reparerast – fekk innfelt nytt treverk.

Dei to skorsteinane inne i kyrkja vart pussa og målt på nytt. Dei to omnane vart pussa.

Bø kyrkje er 150 år og det vart markert i samband med bispevisitasen i slutten av november.

Hyllestad kyrkje vart måla og nokre av vindauga mot syd vart kitta om. Regnet på ettersommaren medførte at måling av tårnet måtte utsetjast til 2019. Vindauga mot nord lekk vatn, og soknerådet har søkt kommunen om midlar til utbetring. Som nemnt er tårnet i kyrkja i ein kritisk tilstand. Pipeorgelet i kyrkja har i årevis vore dårleg, og har måtte takast ut av bruk i delar av året. Nytt digitalt orgel kom på plass hausten 2018. Soknerådsleiar Jostein Ryland leia ein dugnadsgjeng som fekk bygd om galleriet og fekk orgelet på plass. Fronten, «fasade» orgelpiper frå det gamle orgelet vart flytta bak mot tårnet.

Kommunen finansierte 87 % av orgelet.

Øn kyrkje

Kyrjeskipet i Øn kyrkje, som soknerådet fekk av Håkon Steinar Giil sin slektning, professor Konrad Øhrn, vart hengt opp i Øn kyrkje. Dette vart markert ved gudstenesta 29. april der gjevar fekk overreikt ein liten steinkross, laga av Åfjordstein. Konrad Øhrn hadde med seg kona si Margun. Bror hans Gordon, som er musikal og songar, var òg med og deltok med musikalsk innslag. Soknerådet takkar Håkon Steinar Giil for initiativ og realisering. Utgifter med frakt av kyrjeskipet frå Sørlandet, er dekkja inn av gåvemidlar til Øn kyrkje.

Fareskilt vart hengt opp på veggen av Øn kyrkje for å varsle dei som parkerer nær kyrkja, om mogeleg nedfall av skiferheller.

Kyrkjegardar

Soknerådet er godt nøgd med å ha fornya avtalen både med Åm Sognnes bygdeservice om kyrkjegardsslått og vedlikehald av gravplassane, og avtalen med Hyllestad Bygg AS for opning og lukking av grav i samband med gravferder.

Årleg arbeid på alle gravplassane er planering og tilsåing av graver. Klipping og beskjerjing av hekk og trær. Knusing av gravminne frå sletta graver.

Bø gravplass

Det er gjort vedtak om å skifte ut gjerdet rundt gravplassen. Arbeidet må gjerast på dugnad, noko som vi håpar å få realisert i løpet av 2019. Trea som vart planta i utkanten av den nyaste delen av gravplassen tidleg på 90-talet, er blitt store og røtene er i ferd med å øydeleggje kyrkjegardsmuren. Det hastar difor å få felt så godt som alle trea. Stor takk til Anders Lorentzen sin dugnadsinnsats som saman med Aslak Åm Sognnes, i november fekk felt om lag halvparten av trea.

Hyllestad gravplass

Klargjering av gravfeltet mot syd er snart ferdig. Åm Sognnes Bygdeservice har fått mykje skryt av folk for arbeidet. Dessverre regna det så mykje etter såing av gras, at det må såast på nytt til våren.

Øn gravplass

Gravingstilhøve på Øn gravplass – nyaste felta.

På grunn av aukande problem med store steinar i jorda, må resten av gravfeltet gravast om og steinane fjernast før vidare gravlegging på feltet. Steinane er ofte så store at ein ikkje får dei opp med minigravar og må ty til større gravemaskin. Dersom feltet ikkje vert grave om, må vi nekte tinging / reservering av grav på resten av gravplassen. Dette fordi ein ikkje kjem inn imellom med stor maskin og må plassere gravene fortløpande. Finansiering er eit kommunalt ansvar.

Vass-situasjonen på Øn gravplass

Øn gravplass får vatn frå ein brønn på oppsida av riksvegen – eit par hundre meter frå veggen. I sommar hadde vi problem med vassforsyninga og måtte plassere ein 1000 liters tank der som vart fylt ved behov. Vi har ikkje funne løysing på problemet. Den kommunale vassleidninga rekk ikkje så langt inn, slik at det er ikkje mogeleg å kople seg til den

Hauststormen kom før lauvet fall frå trea og fleire tre blåste ned på den nyaste delen av Øn gravplass og måtte fjernast.

Oppgåver på gravplassane som skulle vore løyste

Bø gravplass: Fjerne noko fleire tre som har blitt for store. Skifte gjerdet rundt gravplassen.

Hyllestad gravplass: Etter at arbeidet på felt A er ferdig, står felt B på nedsida av kyrkja for tur.

Øn gravplass: Kome a jour og fått rydda dei gamle gravfelta rundt kapellet. Grave om jorda og fjerne dei største steinane på resten av dei nyaste felta.

Hyllestad sokn Rekneskapen 2018

Rekneskapen til Hyllestad sokn vert ført av Hyllestad kommune, og revidert av kommune-revisoren. Dette som ein del av tenesteytingsavtalen med kommunen, og det fungerer godt.

Hyllestad sokneråd sin rekneskap har fire funksjonar/tenester:

Kyrkjeleg administrasjon, Kyrkjer, Kyrkjegardar og Andre kyrkjelege føremål. Kommunen har finansieringsansvaret for aktiviteten under dei tre første funksjonane. Kommunen sitt økonomiske

ansvar overfor den lokale kyrkja finn ein i kyrkjelova (KL) § 15, og gravferdslova § 3 «Kirkelig fellelsråd og kommunens ansvar.»

Aktiviteten under funksjonen/tenesta «Anna kyrkjeleg verksemd» er soknerådet sine oppgåver etter § 9 i kyrkjelova (KL). Her er det berre ved *Konfirmantarbeid* at det er lovpålagt kommunal delfinansiering. Kommunen har etter kyrkjelova § 15: ansvar for utgifter til *lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring*».

Inntektene er elles offer, gåver, tilskot og basar m.m. Offer og gåver finansierer utdelingsmateriell som til dømes dåpsbilde, dåpslys, fadderhelsingar og bøker som vert delte ut, som 4-årsbok, 6-årsbok og bibel. Soknerådet mottok statstilskot til trusopplæring, der ein har rapporteringsplikt til kyrkjerådet via bispedømmerådet. Statstilskotet dekkjer ikkje alle utgiftene soknet har til trusopplærar-stillinga, så basarinntekter og gåver fullfinansierer tiltaket årleg med om lag kr 30 000.

Tilskot, inntekt, og resultat

Etter at soknerådet i 2016 og 2017 fekk same kronesum i driftstilskot frå kommunen, kr 1 554 000, vart tilskotet i 2018 redusert med kr 54 000, til kr 1 500 000. Det er berre 1,4% av kommunen sitt totale driftsbudsjett. Då kommunen fekk vel 15 millionar kroner i frie midlar frå Havbruksfondet, søkte soknerådet om tilleggsføring på kr 54 000. Soknerådet fekk avslag då midlane skulle setjast på fond og ikkje brukast i drift. No må kommunen truleg bruke halvedelen av midlane til å dekke inn driftsunderskotet for 2018.

Etterslep av festeinnkreving medførte inntekter på kr 97 050.

Rekneskapen er, under dei tre funksjonane der kommunen har finansieringsansvar + utgifter til konfirmasjonsundervisning, avslutta med eit mindreforbruk på kr. 914,28.

Noko høgre inntekter enn budsjettert og svært stram drift, samt at det ikkje var store uføresette utgifter gjorde til at resultatet vart om lag i balanse.

Provisjonsinntekter

Inntekt - provisjon for formidling av oppussing av gravminne og innhogging av nye namn vart kr 8 240. Dette er inntekter som er vanskeleg å budsjettere med då vi ikkje på førehand kan vite kven som ønskjer å nytte seg av denne tenesta. Her er inntektspotensialet større, då det er mange gravminne på festa graver som burde hatt oppussing.

Dette er kjærkomne inntekter, då det framleis er svært mykje oppryddingsarbeid som står att på gravplassane.

KLP

Pensjonsutgifter er ein stor kostnad, også for soknerådet. Kostnaden er vanskeleg å budsjettere då det er ein reguleringspremie som kan variere mykje frå eitt år til det neste. Reguleringspremien betalar ein både for tilsette som er i arbeid og tidlegare tilsette som er slutta i arbeid.

TENESTER–FUNKSJONER

04100 Kyrkjeleg administrasjon.

Hyllestad sokn er eit lovbestemt kyrkjeleg organ der forvaltingslova og offentlegheitslova gjeld.

Kommunen har økonomisk ansvar for: KL §15 d) *driftsutgifter for fellelsråd og menighetsråd, herunder utgifter til administrasjon og kontorhold*. KL § 37 *Kirkebokføring*.

Soknerådet sine lovpålagte oppgåver kan ikkje gjennomførast utan ein administrasjon av ein viss – storleik, samt utstyr og programvare. Som kommunen er medlem av KS, er soknet medlem av KA (Kirkens interesse og arbeidsgiverorganisasjon). Kyrkjebokføring og føring av gravregister treng spesialutvikla program der ein, som til KA, også betalar årlege avgifter.

Driftsutgift: kr 554 438 (eks. kalkulatorisk utgift kr 160 000, mva kr 14 487 og avsetning kr 47 086)

Tenesteytingsavtalen med kommunen, har kommunen kostnadsrekna til kr 160 000.

04200 Kyrkjer

Hyllestad kyrkje, Bø kyrkje, Øn kyrkje og Øn gravkapell.

Kommunen har økonomisk ansvar for: KL §15

a) *utgifter til bygging, drift og vedlikehold av kirker*.

Det er krevjande både for ein liten kommune og soknerådet å ha ansvar for ein stor bygningsmasse. Like fullt står bygningane der og kommunen har økonomisk ansvar og soknerådet praktisk ansvar. Driftsutgift: kr 749 718 (eks. avskrivning.) Driftsinntekt: kr 73 268. Inkl. mva-utgift og mva-inntekt kr 35 911.

Straumkostnader I 2017 vart det montert nye straummålarar i kyrkjene med direkte avlesing av straumen – kvh - til Sunnfjord Energi. Tidlegare var det årlege avlesingar ved årsskiftet, og straumforbruk vart fordelt gjennom året etter «skjøn». Månadleg faktura etter faktisk bruk blir dyrare for soknerådet enn tidlegare ordning. Linjeleige og temperatur påverkar også straumkostnaden. I 2018 var straumkostnaden 27 % høgre enn i 2017.

Etter at vi i fleire år har hatt litt inntekt frå utleige av Bø kyrkje til St. Paul Menighet, var det ikkje utleige i 2018. Det har samanheng med lite aktivitet på skipsverftet og få leigearbeidarar. Gåve og minnegåve, kr 14 444 er avsett på bundne fond.

04300 (Kyrkjegardar) Gravplassar

Hyllestad , Bø og Øn gravplass.

Kommunen har økonomisk ansvar for: KL §15

b) utgifter til anlegg og drift av gravplasser.

Driftsutgift: kr 507 995 (inkl. kr 37 993 til KLP for tidlegare tilsette).

Inntekter er festeinntekter, innbetaling for utanbygds gravferd, gravstell og gåve, kr 229 710.

Inkl. mva-utgift og mva-inntekt kr 82 901.

044 ANNA KYRKJELEG VERKSEMD (TIDLEGARE SOKNERÅDSAKTIVITET)

Her har vi funksjoner / tenester som, med unnatak av utgifter til konfirmantarbeid, vert «nulla ut» mot bundne driftsfond før rekneskapsavslutning. Dette fordi desse vert halde utanfor dei andre funksjonane der kommunen har finansieringsansvar.

Gåve og tilskot til eige arbeid.

Det årlege statstilskotet til trusopplæring i Hyllestad og Høyanger var kr 436 567, ei lita auke frå året før, men ikkje stor nok til å kompensere løns- og prisveksten. Til dette viktige arbeidet kjem som nemnt basarinntektene godt med.

Under tenesta «Barne- og ungdomsarbeid» har vi dei to prosjekta: Base Camp og Ungdoms-klubben. Soknerådsleiar Jostein Ryland har ansvar for aktivitet og økonomi under denne tenesta. For tredje året på rad, men også det siste, fekk vi midlar frå Opplysningsvesenets fond. Dette året kr 20 000 til Base Camp.

Kyrkjelydsbasaren gav brutto: kr 55 637. Andre gåvemidlar til kyrkjelydsbyggjande arbeid: kr 66 570. Offer til eige arbeid utanom basaren er til saman: kr 30 905. Kyrkjelydsblad, bladpengar er kr 42 750 (auke).

Offer til anna arbeid/andre organisasjonar er kr 31 349. Fasteaksjonen gav kr 20 075 (litt nedgang), og saman med offer er totalt kr 35 164 (auke) overført Kirkens Nødhjelp. Kr 16 011 er overført NMS til misjonsarbeid i Mali.

Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen går som den skal, i null.

Dei tre største prosjekta er digitalt orgel Hyllestad kyrkje, måling Hyllestad kyrkje og klargjering av gravfelt Hyllestad kyrkjegard.

Prosjekt digitalt orgel er avslutta. Kr 344 774 der det kommunale tilskotet var kr 300 000. Resten vart dekkja inn ved hjelp av fond – som vi håpar på skal bli «fylt opp at» av gåvemidlar.

Prosjekt Måling Hyllestad kyrkje er ikkje avslutta, då tårnet skal målast i 2019. I prosjektet inngår også noko vindaugsvedlikehald av vindaug mot syd. Soknerådet fekk omdisponert restmidlar frå prosjektet, sikring av tårnet på Hyllestad kyrkje. Kr 385 086 finansiert med kommunalt tilskot. Restmidlar i 2019 kr 118 045.

Prosjekt Klargjering av gravfelt Hyllestad kyrkjegard vart ikkje avslutta på grunn av dårleg ver. Kr 385 926 finansert av kommunalt tilskot. Restmidlar i 2019 kr 11 470.